



Kulturdepartementet

Dykkar ref:

Dykkar dato:

Vår ref:

16/1570/ GHE

Dato:

13.01.2017

Høyringsvar - ny forskrift om offentlege arkiv

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) er positive til forenklingar i forslaget til ny forskrift om offentlege arkiv. Det verkar som om ein del av detaljane skal over i Riksarkivarens forskrift. Sidan den også skal oppdaterast er det krevjande å sjå for seg heilskapen.

Arkivleiar

IKAMR er skeptisk til å fjerne krav om arkivleiar frå arkivforskrifta. Vi meiner tvert om at det bør stillast tydelegare krav om fagutdanna arkivleiar i alle kommunar. IKAMR, som er depot- og kompetanseorgan for alle kommunane i Møre og Romsdal, meiner er det viktig at kvar kommune har ein fagutdanna arkivleiar.

§2. Definisjonar

IKAMR meiner at det må gjerast ei opprydding i bruk av begrepa «Avlevering» og «Deponering» i den nye forskrifta. Forslag:

j) Deponering: å flytte arkivmateriale til arkivdepot

k) Avlevering: å overføre eiarskap til arkivmateriale til arkivdepot

§6. Lagringsmedium

Skal ein opne opp for digitalisering for kassasjon er det viktig at det kjem på plass nasjonale krav og retningslinjer til digitaliseringa og kassasjonen. Krav til lagringsmedium og nytteverdi er ikkje nok. IKAMR meiner at ein må sørge for at den opphavlege arkivstrukturen blir dokumentert dersom arkiv skal digitaliserast for kassasjon. Det vil bli krevjande å vurdere kva som kan kasserast etter digitalisering. Å avvege mellom for eksempel økonomi og kulturhistorie vil bli utfordrande.

§ 22 Lagring av digitalt arkivmateriale utanfor Noreg

IKAMR er i skeptisk til lagring av digitalt arkivmateriale i utlandet. Skal det opnast for dette må det grundige utredningar til. Kommunane må også få klare retningslinjer å følgje. IKAMR kan ikkje sjå at dette er på plass.

§ 28. Krav til arkiv som skal avleverast

IKAMR meiner at det er viktig at Riksarkivaren definerer krava som det vert vist til i paragrafen. For kommunale depot blir dette i dag tatt hand om av «Normalinstruks for arkivdepot i kommuner og fylkeskommuner». Det er viktig med felles nasjonale krav for arkiv som skal avleverast til arkivdepot.

Det er med basis i disse reglane IKAMR lagar lokale retningslinjer for avlevering. Normalinstruksen bør oppdaterast til dagens arkivsituasjon.

Viser til Arkivmeldinga (Meld.St 7) side 83:

«Riksarkivaren vil vurdere om normalinstruksen for depot i kommunar og fylkeskommunar bør reviderast og få rang av forskrift. I tilknytning til dette skal det vurderast om regelverket for arkivdepotordningar i kommunar og fylkeskommunar er godt nok til at materialet blir bevart og tilgjengeleggjort.»

Private aktørar som utfører tenester/oppgåver

Til slutt vil IKAMR etterlyse krav til arkiv for private aktørar som utfører tenester/oppgåver på vegner av det offentlege. Viser til Arkivmeldinga (Meld.St7) s.84 om omtalen av dette der.

Helsing

Geir Håvard Ellingseter
dagleg leiar
geir.havard.ellingseter@ikamr.no
70 16 51 82 / 971 50 011



Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur